



Jentene jublar for finaleplass saman med trenar Yngve Guddal.

J13-laget til Rosendal/Uskedal har gjort ein flott innsats i Norway Cup. Dei var på nippet til å kvalifisera seg til A-sluttspel, og no er dei klare for B-finale. Dei slo nemleg motstandaren Grønnåsen 3 - 0 i semifinalen. Finaleplassen vart sikra etter at jentene hadde gjort ein svært god kamp.

Det er 3 Uskedalsjenter på laget, og to av dei scora. Thea S. Taranger og Hanna Tvilde (straffe) sette inn dei to første måla. Den tredje Uskedalsjenta på laget er Ida Marie Eidsvik.

I finalen i morgon føremiddag møter dei gamle kjenningar frå innleiingspelet. Motstandar vert nemleg Varpe2. Sist dei to laga møttest vann Rosendal/Uskedal 3 - 0.

Vi heiar på laget og ønskjer dei lukke til!

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Kvinnheringen.